



Fotballgutane på G-14-laget har levert god innsats også i dag. Semifinalen i dag vann dei med klare 4 - 0 over Harding, og dermed var det klart for finalespel mot Kringlebotn. Der var det tap 1 - 5, og dermed vart det 2.plass til gutane i turneringa.

I semifinalekampen bidrog dei 4 Uskedalsgutane godt til sigeren. dei stod m.a. bak fleire mål. I den andre semifinalen vann Kringlebotn heile 6 - 0 over Hovding. Dermed vart det finale mot laget som dei tapte knapt mot lørdag. Finalen er nett avslutta og resultatet vart altså 5 - 1 til Kringlebotn. Rapportane fortel om ein svært positiv start og gutane tok leiinga. Kringlebotn utlikna på overtid i 1.omgang, og dermed var pauseresultatet 1 -1.

Etter to Kringlebotn-mål satsa Rosendal/Uskedal offensivt for å ta att leiinga. Då gjekk det som det ofte gjer. Dei fekk to mål mot og dermed vart sluttresultatet 5 - 1.

Rosendal/Uskedalslaget som har vore heilt suverene med berre singlar i serien, har møtt jamn og god motstand i Eidfjord Cup. Det har resultert i 3 singlar og 3 tap, og dermed god og utviklande machining. Til slutt enda dei altså på ein flott 2.plass. Bra levert!!

Dei 4 uskedelingane på laget er Martin Y. Røssland, Karsten A. Haugland, Sondre S. Myklebust og Emil B. Berntsen.

Dei møtte desse laga i sin klasse: Kringlebotn, Harding, Hovding og Bulken. Vinnarane Kringlebotn er eit bra 1.divisjonslag frå Bergen.

Tekst: Thor Inge Døssland

Foto: Ivar Gundersen